

Notat 2003–29

Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka

**Strukturendringer i landbruket
Trender og økonomisk utvikling 1995–2002
Tabellsamling 1998–2002**



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Tittel	Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Strukturendringer i landbruket. Trendar og økonomisk utvikling 1995–2002. Tabellsamling 1998–2002
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2003
Antall sider	78
ISBN	82-7077-545-2
ISSN	0805-9691

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskningene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruksdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet kvart år. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. I tillegg har det vore stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Rogaland og Agder, samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege.

Eit regnskapsmessig prinsipp er endra i driftsgranskningane i 2002: Tidlegare er ubetalt arbeid utført av slektingar verdsett til tariff og trekt frå driftsoverskotet. Frå og med 2002 er verdien av gåvearbeid ikkje trekt frå driftsoverskotet. Ubetalt arbeid blir no verdsett på lik linje med arbeidet til brukarfamilien, og dette påverkar storleiken på fleire resultatmål. Derfor kan ikkje alle resultatata frå driftsgranskningane for 2002 utan vidare samanliknast med tidlegare publiserte tal frå andre år. I dette notatet blir tal for dei siste åtte åra presentert, men da er resultatmåla frå tidlegare år justert etter ny metode.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Det deltek omlag 70 bruk frå Rogaland, og 30 bruk frå kvart av Agder-fylka i granskinga. Dei økonomiske dataene i kapittel tre (Trender og økonomisk utvikling for åra 1995-2002), er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra.

Det vert kvart år skifta ut ein del bruk i driftsgranskningane, men kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5-10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. Utskifting av bruk og gardsoverdraging kan likevel gje utslag i enkeltår. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Siv Karin Paulsen Rye ved distriktskontoret i Bergen er ansvarleg for notatet.

Oslo, desember 2003

Leif Forsell

Innhald

1	INNLEIING	1
2	STRUKTURENDRINGAR I LANDBRUKET 1997-2002	3
2.1	Dyrehold, storfe	3
2.2	Dyrehold, gris og høner	4
2.3	Tilskotssatsar til husdyr	5
2.4	Arealutvikling, full- og overflatedyrka jord til slått og beite	6
2.5	Arealutvikling, korn, potet, frukt og bær	6
2.6	Tilskotssatsar per dekar	7
2.7	Utvikling for bruka i driftsgranskingane	7
2.8	Mjølkekvoter og tal mjølkeprodusentar	7
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING FOR ÅRA 1995–2002	11
3.1	Resultatmål i jordbruket	11
3.1.1	Driftsoverskot	11
3.1.2	Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk	13
3.1.3	Lønsevne per time	14
3.2	Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder	15
3.2.1	Nettoinntekt	15
3.2.2	Nettoinvestering	17
3.2.3	Gjeld	17
3.3	Areal 19	
4	UTVIKLINGSTREKK 2002	21
5	TABELLSAMLING 1998–2002	25
	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA:	77

Figuroversikt

Figur 2.1	Gjennomsnittstorleik på bruka, tal mjølkekyr og ammekyr, fordelt på fylke	4
Figur 2.2	Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvote for landet totalt og for dei aktuelle fylka	8
Figur 3.1	Driftsoverskot per bruk i ulike storleiksgrupper på Jæren	12
Figur 3.2	Driftsoverskot per bruk i ulike storleiksgrupper i andre bygder	12
Figur 3.3	Driftsoverskot per bruk i ulike område	13
Figur 3.4	Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i ulike fylke	13
Figur 3.5	Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer	14
Figur 3.6	Lønsevne per time i ulike område	15
Figur 3.7	<i>Nettoinntekt per bruk i ulike område</i>	16
Figur 3.8	Nettoinntekt per bruk i ulike driftsformer og område	16
Figur 3.9	Nettoinvesteringar per bruk i ulike område	17
Figur 3.10	Samla gjeld per bruk i ulike område	18
Figur 3.11	Samla gjeld per bruk i ulike storleiksgrupper. Gjennomsnitt for alle bruk i Rogaland og Agder	18
Figur 3.12	Innmarksareal i ulike område, dekar per bruk	19

Tabelloversikt

Tabell 2.1 Omfanget av bruk med mjølkeproduksjon og ammekyr per 31.07.97 og 31.07.02	3
Tabell 2.2 Omfanget av bruk med avlspurker og verpehøner per 31.07.97 og 31.07.02	5
Tabell 2.3 Tal brukarar og tal dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord per 31.07.97 og 31.07.02.	6
Tabell 2.4 Tal brukarar og tal dekar korn, potet, frukt og bær per 31.07.97 og 31.07.02.	6
Tabell 2.5 Totalt tal mjølkeprodusentar og kvote i dei aktuelle fylka og i landet i 1997 og 2002.....	8
Tabell 4.1 Samla oversikt for 2002.....	23
Tabell 4.2 Resultatmål i jordbruket 1995-2002, Jæren.....	23
Tabell 4.3 Resultatmål i jordbruket 1995-2002, Rogaland og Agder andre bygder.....	24

Tabellsamling

Tabell 1 Fylketal, Rogaland	27
Tabell 2 Fylketal, Vest Agder.....	30
Tabell 3 Fylketal, Aust Agder	33
Tabell 4 Områdetal, Jæren, alle bruk	36
Tabell 5 Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (50–100 dekar), alle driftsformer	39
Tabell 6 Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200–300 dekar), alle driftsformer	42
Tabell 7 Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300–500 dekar), alle driftsformer	45
Tabell 8 Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon	48
Tabell 9 Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinhold	51
Tabell 10 Områdetal, Andre bygder, alle bruk.....	54
Tabell 11 Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 2 (50–100 dekar), alle driftsformer	57
Tabell 12 Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 3 (100–200 dekar), alle driftsformer ...	60
Tabell 13 Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 4 (200–300 dekar), alle driftsformer ...	63
Tabell 14 Områdetal, Andre bygder, storleiksgruppe 5 (300–500 dekar), alle driftsformer ...	66
Tabell 15 Områdetal, Andre bygder, mjølk og storfekjøtt	69
Tabell 16 Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehold.....	72
Tabell 17 Områdetal, Andre bygder, mjølkeproduksjon og svinhold	75

1 Innleiing

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet. Frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder er det kvart år med mellom 125 og 136 bruk i denne granskinga.

Notatet vert publisert på bakgrunn av at det frå fleire hald har vore eit ønskje om fleire og meir detaljerte opplysningar om jordbruket enn det ein kan finne i den årlege publikasjonen frå driftsgranskinger.

I kapittel 2 er det sett nærare på strukturendringar i landbruket i Rogaland og Agder. Der har vi brukt statistikken for produksjonstilskot i landbruket frå Statens Landbruksforvaltning for å hente inn opplysningar om tal dyr, dekar og produsentar.

Utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien dei siste åtte åra er dokumentert i kapittel 3. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata i dette kapittelet er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Kapittel 4 inneheld resultatata frå rekneskapsåret 2002. Tala er samanlikna med 2001, og dei viktigaste årsakene til endringane for dei ulike resultatmåla er presenterte.

Tabellsamlinga i kapittel 5 inneheld tal frå driftsgranskinger for Rogaland og Agder for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for fylka, område, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne bolken er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein definisjonar og forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Strukturendringar i landbruket 1997-2002

Landbruket har i lang tid vore utsett for sterke krav om rasjonalisering. Tal brukarar har gått kraftig ned over fleire år, medan produksjonsomfanget totalt har i større grad vore halde stabilt. I dette kapitlet vil vi sjå på korleis omfang og struktur er endra frå 1997 til 2002 i Agder-fylka og Rogaland.

2.1 Dyrehald, storfe

Som mål for omfanget av dyrehaldet i dei aktuelle fylka, har vi brukt statistikken for produksjonstilskot i landbruket frå Statens Landbruksforvaltning. Det er henta inn opplysningar om tal produsentar og tal dyr for mjølkeproduksjon, ammekyr, avlspurker og verpehøner.


Tabell 2.1 Omfanget av bruk med mjølkeproduksjon og ammekyr per 31.07.97 og 31.07.02

	År	Mjølkeproduksjon			Ammekyr		
		Tal brukarar	Tal kyr	Gj.snitt per bruk	Tal brukarar	Tal kyr	Gj.snitt per bruk
Aust-Agder	1997	282	2871	10,2	78	515	6,6
	2002	196	2385	12,2	86	613	7,1
Vest-Agder	1997	724	7783	10,8	165	731	4,4
	2002	499	6278	12,6	197	1493	7,6
Rogaland	1997	3301	52192	15,8	650	3121	4,8
	2002	2712	49146	18,1	725	5154	7,1
Landet	1997	24282	314085	12,9	4858	28396	5,8
	2002	18568	282740	15,2	5748	48674	8,5

Tabell 2.1 viser at per 31. juli 2002 var det i landet totalt 18 568 bruk med mjølkekyr, det er ein reduksjon på 5 714 bruk frå 1997, noko som tilsvarar ein nedgang på 23,5%. I Aust- og Vest-Agder har nedgangen vore relativt større, med ca 31% nedgang i tal brukarar med mjølkekyr, medan i Rogaland har reduksjonen vore på 17,8%.

Tal dyr har ikkje gått ned i like stor grad som tal brukarar, fordi gjennomsnittstorleiken på det enkelte bruk har auka. Nokre av bruka som har slutta med mjølkekyr har i staden gått over til ammekuproduksjon. Både tal mjølkekyr og tal ammekyr per bruk har auka frå 1997 til 2002 (Figur 2.1). I Aust-Agder har mjølkekutalet per bruk auka frå 10,2 til 12,2, i Vest-Agder var det ein auke frå 10,8 til 12,6. Rogaland har eit større omfang på drifta, og tal mjølkekyr var i 1997 15,8 og det auka til 18,1 i 2002.

Om ein ser på tal mjølkekyr og ammekyr til saman, så har det i landet totalt vore ein nedgang på 3,2%. I Rogaland har det totale kutalet berre hatt ein nedgang på 1,8%. I Aust- og Vest-Agder har reduksjonen i tal dyr vore noko større, med høvesvis 11,5% og 8,7% frå 1997 til 2002.



Figur 2.1 Gjennomsnittstorleik på bruka, tal mjølkekyr og ammekyr, fordelt på fylke

Både Aust- og Vest-Agder er små jordbruksfylke, og dei har til saman berre 3,7 % av mjølkeprodusentane i landet i 2002. Gjennomsnittstorleiken på bruka i desse fylka er også mindre enn gjennomsnittet for landet. Rogaland er derimot det største landbruksfylket i landet, og har 14,6 % av mjølkebruka i 2002. Besetningane er også større i Rogaland enn i landet elles, med eit gjennomsnitt på 18,1 kyr mot 12,9 for landet totalt.

2.2 Dyrehald, gris og høner

Bruk med gris og høner har også hatt ein nedgang i tal brukarar, medan dyretal per bruk aukar (Tabell 2.2). For landet totalt var det 2 457 bruk med avlsgris i 2002, og det er ein nedgang på 39% frå 1997. I Vest-Agder har tal avlsgris auka med 56% frå 1997 til

2002, sjølv om tal brukarar er redusert med 24% i same periode. I Aust-Agder, Rogaland og for landet totalt har dyretalet gått ned dei siste fem åra.

Tabell 2.2 Omfanget av bruk med avlspurker og verpehøner per 31.07.97 og 31.07.02

	År	Avlspurker			Verpehøner		
		Tal brukarar	Tal gris	Gj.snitt per bruk	Tal brukarar	Tal høner	Gj.snitt per bruk
Aust-Agder	1997	43	517	12,0	116	78265	675
	2002	15	341	22,7	84	80588	959
Vest-Agder	1997	41	447	10,9	152	113624	748
	2002	31	698	22,5	109	83117	763
Rogaland	1997	780	14207	18,2	693	825812	1192
	2002	502	11915	23,7	557	858010	1540
Landet	1997	4036	65813	16,3	3959	3124474	789
	2002	2457	57191	23,3	3138	3140940	1001

Tal bruk med verpehøner har for landet totalt gått ned med 21% frå 1997 til 2002, medan tal høner har hatt ein liten auke i perioden.

På landsbasis har mange eggprodusentar lagt ned produksjonen, men i Rogaland er det etablert ca 30 nye anlegg for verpehøner den siste tida. Finnøy er nå den kommunen i landet med størst eggproduksjon.

2.3 Tilskotssatsar til husdyr

Tilskotssatsane som blir fastsette gjennom jordbruksavtalen kvart år, er ein av grunnane til at utviklinga går mot stadig større brukseiningar i landbruket. I 1997 fekk ein kr 3 675 per dyr for dei 8 første mjølkekyrne, og deretter kr 1 350 for dei 17 neste. I 2002 får ein kr 3 330 for dei 16 første kyrne, og kr 2 000 for dei 9 neste. Dette vil seie at om ein hadde 12 kyr i 1997 så fekk ein kr 34 800 i tilskot for desse, og om ein auka til 20 kyr vart tilskotet auka med 31 % til kr 45 600 (ikkje inflasjonsjusterte tal). I 2002 fekk ein utbetalt kr 39 960 i tilskot for 12 kyr, og om ein auka til 20 dyr vart tilskotet auka med 53 % til kr 61 280.

I 1997 vart det utbetalt tilskot til maksimalt 40 mjølkekyr, og i 2002 vart dette talet auka til 50 dyr. Når det gjeld anna storfe, var det i 1997 kr 630 for dei 25 første dyra, deretter noko mindre per dyr opp til maks 200 storfe. I 2002 var det kr 744 for alle storfe opp til 250 dyr.

For avlsggris var grensa for tilskot i 1997 25 dyr, og i 2002 var grensa flytta opp til 70 dyr. Slaktegris hadde i 1997 ei grense for tilskot ved 250 gris, og i 2002 fekk ein tilskot opp til 1400 dyr.

I 1997 var det eit tak på tilskotsutbetalingar på kr 82 000 per bruk. I 2002 var dette taket auka til kr 140 000 per bruk.

2.4 Arealutvikling, full- og overflatedyrka jord til slått og beite

For landet totalt har tal dekar fulldyrka jord auka med 2% frå 1997 til 2002 (Tabell 2.3), medan talet på brukarar har gått ned med 17% i same periode. I Aust- og Vest-Agder har tal dekar halde seg på same nivå dei siste fem åra, medan tal brukarar har gått ned med 21% i begge fylka. I Rogaland har tal dekar fulldyrka jord auka med 10% frå 1997 til 2002, og gjennomsnittstorleiken på bruka i dette fylket har auka frå 75 dekar til 93 dekar per bruk. Regelverket for overflatedyrka beite er ei av årsakene til den sterke auken frå 1997 til 2002.

Tabell 2.3 Tal brukarar og tal dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord per 31.07.97 og 31.07.02.

	År	Fulldyrka jord			Overflatedyrka jord		
		Tal brukarar	Tal dekar	Gj.snitt per bruk	Tal brukarar	Tal dekar	Gj.snitt per bruk
Aust-Agder	1997	1059	82507	78	213	2781	13
	2002	842	82236	98	210	2976	14
Vest-Agder	1997	1864	139028	75	707	10708	15
	2002	1471	138835	94	655	11008	17
Rogaland	1997	5892	444303	75	1035	14712	14
	2002	5254	489265	93	1110	17213	16
Landet	1997	55269	4781064	87	16118	254661	16
	2002	46056	4880888	106	15250	276329	18

2.5 Arealutvikling, korn, potet, frukt og bær

For korn og potet er utviklinga stort sett den same som for jord til slått og beite (Tabell 2.4). Tal brukarar går ned medan arealet totalt og per eining aukar. Unnataket er på kornproduksjon i Rogaland, der har også talet på brukarar auka frå 1997 til 2002, og gjennomsnittstorleiken på kornarealet i Rogaland har auka frå 46 til 61 dekar per bruk.

Tabell 2.4 Tal brukarar og tal dekar korn, potet, frukt og bær per 31.07.97 og 31.07.02.

	År	Korn			Potet			Frukt og bær	
		Tal brukarar	Tal daa	Gj.sn. per br.	Tal brukarar	Tal daa	Gj.sn. per br.	Tal brukarar	Tal daa
Aust-A.	1997	270	11411	42	241	2727	11	130	918
	2002	214	13127	61	138	2335	17	85	823
Vest-A.	1997	174	7050	41	216	1061	5	129	861
	2002	169	9102	54	130	920	7	100	966
Rogaland	1997	669	30474	46	977	11057	11	364	1882
	2002	720	44006	61	611	10245	17	282	1720
Landet	1997	36496	3182700	87	11629	174427	15	6201	49907
	2002	30739	3226713	105	7272	151854	21	4634	48277

For landet totalt har tal brukarar med frukt og bær gått ned med 25% frå 1997 til 2002, og arealet totalt har også hatt ein liten nedgang. Av det totale tal bruk som dyrkar frukt og bær finn ein til saman 10 % i dei tre fylka.

2.6 Tilskotssatsar per dekar

Når det gjeld areal- og kulturlandskapstilskot, så har det også hatt ei utvikling som favoriserer større bruk, på same måte som tilskot til husdyr.

For grovfôr var det i 1997 høgaste sats for første 100 dekar, deretter noko mindre beløp opp til maks 400 dekar. Det var ikkje tilskot til areal over 400 dekar. I 2002 var det ein sats for dei første 200 dekar, deretter ein lågare sats for alt areal over dette.

Kornarealet hadde i 1997 ei grense ved 400 dekar, der tilskotet per dekar var mindre for arealet over 400 dekar. I 2002 var det same sats for alt kornareal.

Potet hadde i 1997 høgaste tilskotssats for areal under 60 dekar, og ein lågare sats for areal opp til 120 dekar. I 2002 var det same sats for alt potetareal

2.7 Utvikling for bruka i driftsgranskingane

I driftsgranskingane til NILF inngår omlag 135 bruk frå Agder og Rogaland. Bruka på Jæren som er med i driftsgranskingane (ca 45 bruk) auka tal årskyr i perioden frå 18,2 til 20,8. Når det gjeld bruka i andre bygder i Rogaland og Agder (ca 90 bruk), har tal årskyr auka frå 9,5 i 1997 til 10,3 i 2002.

Bruka på Jæren som er med i driftsgranskingane har auka arealet frå 176 dekar i 1997 til 221 dekar i 2002, og dette er ein auke på 26 %. Alle bruk i Rogaland har i følge Tabell 2.3 auka arealet med 24 % i gjennomsnitt. I driftsgranskingane har bruka i andre bygder i Agder og Rogaland auka arealet med 27 % frå 1997 til 2002, gjennomsnittsarealet auka frå 155 dekar i 1997 til 197 dekar i 2002. Alle bruk i Agder-fylka har i følge Tabell 2.3 auka arealet med ca 26 % i same periode.

Bruka i driftsgranskingane har altså hatt om lag same utvikling som gjennomsnittet av alle bruka i Rogaland og Agder. Bruka som er med i driftsgranskingane er imidlertid vesentleg større enn gjennomsnittet av alle bruk i området. Årsaka til dette er det utvalet av bruk vi har i driftsgranskingane. I landet totalt er det om lag 60 000 bruk som søker om produksjonstilskot, medan driftsgranskingane hentar deltakarar frå eit utval på om lag 37 000 bruk. Grunnen til den store skilnaden er at i driftsgranskingane skal inntektene frå jordbruket ha eit «vesentleg omfang». Det vil seie at det er mange små bruk som fell utanom utvalet til driftsgranskingane.

2.8 Mjølkekvoter og tal mjølkeprodusentar

Opplysningar om mjølkekvotar og tal produsentar er henta frå Statens Landbruksforvaltning. Etter at kvoteordninga vart innført i 1983, har talet på mjølkeprodusentar totalt gått ned med 46%, og den totale mjølkekvoten er i same tidsrom redusert med om lag 18%. Tabell 2.5 viser at tal mjølkeprodusentar i landet er redusert med 25,6% frå 1997 til 2002. I Aust- og Vest-Agder er nedgangen større enn for landet totalt, og i Rogaland er nedgangen mindre.


Tabell 2.5 Totalt tal mjølkeprodusentar og kvote i dei aktuelle fylka og i landet i 1997 og 2002

	Tal mjølkeprodusentar			Mjølkekvote i mill. liter		
	1997	2002	Endring i %	1997	2002	Endring i %
Aust-Agder	313	199	36,4	17,4	13,9	20,1
Vest-Agder	757	523	30,9	43,3	35,8	17,3
Rogaland	3521	2734	22,4	311,4	280,4	10,0
Landet	25416	18910	25,6	1824,9	1583,8	13,2

Ei av årsakene til den store nedgangen i talet mjølkeprodusentar er at ein del produsentar går inn i samdrifter, og kvar samdrift blir rekna som ein produsent. Pr 29.04.2003 var det registrert 9 samdrifter i Aust-Agder, 16 i Vest-Agder og 153 i Rogaland. I Agder-fylka er det to medlemmar i kvar samdrift, i Rogaland er det to medlemmar i 133 av samdriftene, 13 av samdriftene i Rogaland har 3 medlemmar, og 7 samdrifter har fire eller fleire medlemmar. I landet totalt er det på same tidspunkt registrert 1 024 samdrifter, kor det inngår til saman 2 280 bruk.

For å regulere produksjonen i høve til etterspurnaden har mjølkeprodusentane kvart år frå 1997 til 2002 fått tilbod frå Staten om å selje mjølkekvoten mot eit kompensasjonsbeløp. Ein del produsentar vel også å avvikle produksjonen utan å selje kvoten. Slik inaktiv kvote blir kalla sovande kvote. Produsentar som har sovande kvote kan ta opp igjen produksjonen innan 10 år etter at produksjonen vart avvikla. På landsbasis var det i åra 1997 – 2001 til saman 825 produsentar som valde ordninga med sovande kvote.

Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvote har i gjennomsnitt for landet variert mellom 2,1% og 7,5% av totalt tal mjølkeprodusentar. Figur 2.2 viser prosentvis oppslutning om kvotesal for landet totalt og for dei ulike fylka. Ein kan sjå at i Agder-fylka er det gjennom heile perioden ein høgare prosent av mjølkeprodusentane som sel kvoten enn gjennomsnittet for landet. I Rogaland har det derimot vore relativt færre mjølkeprodusentar som har selt kvoten enn det har vore i landet elles. I 2000 var det ein ekstraordinær omgang med sal av mjølkekvoter i tillegg til den ordinære. I Figur 2.2 er desse to omgangane slegne saman.



Figur 2.2 Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvote for landet totalt og for dei aktuelle fylka.

Frå 1997 til 2002 var det i landet totalt 5 428 bruk som selde mjølkekvoten, og storleiken på den selde kvoten var i gjennomsnitt på 56 800 liter. I Aust-Agder var det i same periode 98 bruk som selde ein kvote på i snitt 42 500 liter. I Vest-Agder var gjennomsnittskvoten som blei selt på 47 100 liter, og 207 bruk selde kvoten. Rogaland har større omfang på mjølkeproduksjonen enn dei andre fylka, og der var det 617 bruk som selde kvoten, og gjennomsnittskvoten var på 69 200 liter.

Dei bruka som driv med mjølkeproduksjon i Agder-fylka, har i gjennomsnitt ein kvote på 64 000 liter, i Rogaland er gjennomsnittskvoten på 99 000 liter (2001).

Sjølv om ein stor del av brukarane sel kvoten, vil ikkje den totale kvoten bli redusert tilsvarande. Mange av dei eksisterande bruka ønskjer å auke den kvoten dei har. I 2002 var det 38% av mjølkebruka i Aust-Agder som ønskte å kjøpe meir kvote, og i Vest-Agder og Rogaland var det 46% som ønskte å utvide kvoten.

I følgje Landbruksdepartementet ligg det an til at mjølkeproduksjonen vil bli for liten til å dekke etterspurnaden i marknaden i 2003. Avtalepartane i jordbruksoppgjeret blei derfor samde om å opne for at kvar produsent kunne produsera inntil 2 % over kvoten i 2003.

3 Trendar og økonomisk utvikling for åra 1995–2002

Dette kapitlet syner ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for fylka; Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder frå 1995 til og med 2002. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; «Jæren» og «andre bygder». Andre bygder omfattar dei to Agderfylka samt Rogaland utanom Jæren. For området Jæren er det i 2002 tal frå 44 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa andre bygder er det 92 bruk. Til samanlikning har vi tatt med ein del tal som syner utviklinga for heile landet, og der er det i 2002 tal frå 961 bruk som ligg til grunn. I dette kapitlet er det nytta figurar for å syne utviklinga, medan talmaterialet for perioden 1998 til 2002 er vist i tabellar i kapittel 5. Alle resultatata i dette kapitlet er omrekna til 2002-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmål i jordbruket


Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital og lønsevne per time.

3.1.1 Driftsoverskot


Driftsoverskotet skal gje godtgjering til familien sitt arbeid i drifta, og gje ei rimeleg rente for innsett kapital. Tidlegare er ubetalt arbeid verdsett til tariff og trekt frå driftsoverskotet. Frå 2002 er verdien av gåvearbeid ikkje trekt frå driftsoverskotet. Ubetalt arbeid blir no verdsett på lik linje med arbeidet til brukarfamilien, og dette påverkar storleiken på driftsoverskotet. I dette kapitlet er resultatmåla frå tidlegare år justert etter ny metode.

Figur 3.1 og Figur 3.2 viser utviklinga av driftsoverskotet i ulike storleiksgrupper på Jæren og i andre bygder. Hovudtendensen er at dei største bruka har det høgaste driftsoverskotet. I begge områda er det kome inn bruk i storleiksgruppa 300-500 dekar dei to

siste åra. På Jæren er det få bruk igjen under 100 dekar i driftsgranskingane, så denne gruppa går ut av tabellsamlinga. I andre bygder har resultatet for bruka under 100 dekar gått kraftig ned i 2002, etter ein oppsving i 2001. Bruka på Jæren hadde ein vesentleg auke i driftsoverskotet frå 2001 til 2002. Auken skuldast auke i produksjon og produktivitet, samt god balanse i marknaden og dermed høgare prisar på mjølk og kjøt. På Jæren har produksjonsinntektene auka med 11 % frå 2001 til 2002, medan kostnadsauken har vore på 4 %. Det er kostnad til kraftfôr som har auka mest, og det skuldast større produksjonsomfang.




Figur 3.1 Driftsoverskot per bruk i ulike storleiksgrupper på Jæren



Figur 3.2 Driftsoverskot per bruk i ulike storleiksgrupper i andre bygder


Figur 3.3 viser driftsoverskot per bruk på Jæren, i andre bygder og for landet totalt. Ein kan sjå at Jæren i heile perioden har hatt eit vesentleg høgare driftsoverskot enn dei andre gruppene. Årsaka til dette er i hovudsak at det er større omfang på drifta på Jæren. I 2002 er bruka på Jæren i gjennomsnitt 221 dekar, medan bruka i andre bygder er 24 dekar mindre. På Jæren er det i gjennomsnitt 20,8 årskyr per bruk i 2002, medan det er 10,3 årskyr per bruk i andre bygder.



Figur 3.3 Driftsoverskot per bruk i ulike område


3.1.2 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk

I jordbruksforhandlingane er vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk det sentrale resultatmålet. Vederlaget blir ikkje påverka av endra prinsipp om gåvearbeid. Figur 3.4 viser vederlaget i dei ulike fylka. Bruka i Rogaland har i heile perioden hatt eit betre resultat enn Agder-fylka.



Figur 3.4 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i ulike fylke

Når ein ser på dei ulike driftsformene (Figur 3.5) er det bruka med mjølk og svin på Jæren som har hatt det beste resultatet gjennom heile perioden.




Figur 3.5 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for ulike driftsformer

3.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time viser kor mykje bruket kan betale for samla arbeidsinnsats, og viser kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

I gjennomsnitt for alle åra har Jæren hatt eit timetal på 3606 timar per bruk. Det har vore relativt små endringar i det totale timetalet frå år til år. Bruka i andre bygder har i gjennomsnitt 700 timar mindre per bruk.




Figur 3.6 Lønsevne per time i ulike område

3.2 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og Agder

3.2.1 Nettoinntekt

Nettoinntekta er eit resultatmål som viser den samla inntekta til brukarfamilien, etter frådrag av gjeldsrenter og kår.


Figur 3.7 viser at nettoinntekta på bruk i andre bygder auka frå 376 500 i 1995 til 436 000 i 2002, det vil seie ei auke på 16 %. Bruka på Jæren hadde ei kraftig auke i nettoinntekta frå 2001 til 2002, og det skuldast i hovudsak auka overskot frå jordbruket. På Jæren var nettoinntekta i 1995 kr 417 000, og i 2002 hadde den auka til kr 514 500, det vil seie ei auke på 23 %. Nettoinntekta for landet totalt har lege på eit relativt jamt nivå gjennom heile perioden.



Figur 3.7 Nettoinntekt per bruk i ulike område

På Jæren utgjør overskotet frå jordbruket 62 % av bruket sine samla inntekter i 2002, og 28 % av samla inntekt kjem frå løsinntekt. I andre bygder utgjør overskotet frå jordbruket 45 % av dei samla inntektene til bruket, og 37 % kjem frå løsinntekt.


Figur 3.8 viser nettoinntekt per bruk for driftsforma mjølk og storfekjøtt i begge område, og mjølk og svin på Jæren. Begge driftsformene på Jæren har hatt ein kraftig auke i nettoinntekta det siste året.



Figur 3.8 Nettoinntekt per bruk i ulike driftsformer og område

3.2.2 Nettoinvestering


Nettoinvesteringar er verdien av eigedelane minus avskrivningar, tilskot og sal. Figur 3.9 viser nettoinvesteringa per bruk i ulike område. I 1997 og 1998 blei det føretatt store investeringar i Agder-fylka, medan Jæren hadde negativ nettoinvestering i same periode. Jæren har også negativ nettoinvestering i 2002. Når nettoinvesteringa er negativ tyder det på at ein slit på produksjonsapparatet. Dette treng ikkje vere uheldig dersom ein har eit godt driftsapparat.



Figur 3.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område

3.2.3 Gjeld

Samla gjeld på bruka varierar mykje mellom driftsformer, storleik og område. For landet totalt har gjelda auka med 29 % frå 1995-2002, og er nå på kr 974 700 per bruk (Figur 3.10). Alle bruka i driftsgranskingane har i gjennomsnitt ein gjeldsprosent på 39,8 % i 2002. Gjeldsprosenten viser kor stor del av eigedelane som er finansiert med framand kapital.




Figur 3.10 Samla gjeld per bruk i ulike område

På Jæren var gjelda i 2002 kr 1 378 500 per bruk, og det er ein gjeldsprosent på 45,3 %. I andre bygder var det i snitt kr 1 127 600 i gjeld, og ein gjeldsprosent på 45,4 %.

Gjeldsprosenten har i enkelte driftsformer auka mykje dei siste åra. I svineproduksjon har det vore investert mykje, og produksjonen er bygd opp. I gruppa med kombinert mjølk- og svineproduksjon på Jæren har gjeldsprosenten auka frå 25 % i 1995 til 53 % i 2002. Gruppa er liten, så variasjonar på enkeltbruk vil slå inn.


Gjelda vil naturleg nok variera mykje mellom ulike storleiksgrupper. I figur 3.11 har vi sett på alle bruka i Rogaland og Agder under eitt, fordelt på ulike storleiksgrupper. Den minste gruppa har bruk berre frå andre bygder, fordi i driftsgranskingane er det for få bruk igjen under 100 dekar på Jæren.



Figur 3.11 Samla gjeld per bruk i ulike storleiksgrupper. Gjennomsnitt for alle bruk i Rogaland og Agder

3.3 Areal

Frå 1995 til 2002 har arealet per bruk i driftsgranskingane auka mykje i alle område (Figur 3.12). Andre bygder har hatt den største auken i perioden, der har arealet auka med 53 dekar per bruk, det vil seie ei auke på 37 %. I 2002 er bruka andre bygder 197 dekar i gjennomsnitt. På Jæren var bruka 221 dekar i 2002, og der har auken vore på 31 % frå 1995. Gjennomsnittsbuket i landet hadde eit areal på 241 dekar i 2002, og auken har vore på 24 % frå 1995.



Figur 3.12 Innmarksareal i ulike område, dekar per bruk

4 Utviklingstrekk 2002

Hovudtendensar for 2002:

- Stor auke i driftsresultatet
- Størst auke for Jæren og for store bruk
- Godt år for mjølkeproduksjon og svinehald

I jordbruksforhandlingane er vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk det sentrale resultatmålet. Resultatet for gjennomsnittsbuket i Rogaland og Agder for 2002, viser kr 172 700 mot kr 152 200 i 2001. Auken er på 13,4 %. Ein kjem fram til resultatmålet ved å leggje leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå jordbrukets del av faktisk betalte gjeldsrenter og kår. Effekt av auka skattefrådrag er ikkje teke omsyn til.

Resultatet varierer mellom ulike regionar. Ser vi på vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, viser Jærbruka ein auke på 26 % til kr 211 500, mot ein nedgang på 2 % frå 2000 til 2001. Auken skuldast auke i produksjon og produktivitet per bruk og god balanse i marknaden og dermed høgare prisar på viktige produkt som mjølk, storfekjøtt og svin.

Vederlaget for andre bygder i Rogaland og Agder viser ein auke på 6 % til kr 150 600. Auken skuldast i hovudsak betre prisar.

Av dei ulike driftsformene, viser mjølkeproduksjon kombinert med svin best resultat på Jæren. Mjølkeprisen auka 41 øre per liter for Jæren og 32 øre for andre bygder, medan prisen på storfekjøtt er om lag uendra. Det er også auke i prisen på svinekjøtt på omlag kr 2 per kg.

Mjølkeproduksjon er den største driftsforma i regionen. I alt omfattar driftsforma 69 av dei 136 bruka frå Rogaland og Agder. For Jæren auka vederlaget per årsverk med kr 35 600 (21 %) til kr 203 500 frå 2001 til 2002. For andre bygder i Rogaland og Agder var auken kr 13 100 (10 %) til kr 143 700. Gjennomsnittleg årskuttal for Jæren er 25,7 (+1,2 frå 2001) og for resten av området 14,9 (+ 0,4 frå 2001). Dette forklarar mykje av skilnaden i oppnådd resultat for dei to regionane.

Vederlag til arbeid og eigenkapital aukar med storleiken på bruka. Med unnatak for den største gruppa på Jæren, viser dei største bruka best resultat i begge regionane.

Driftsoverskotet per bruk var i middel for Rogaland og Agder kr 279 100 mot kr 241 400 i 2001. Dette er ein auke på 15,6 %. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen.

Jæren (44 bruk) har driftsoverskot på kr 380 200 i middel per bruk i 2002, noko som er ein auke på kr 80 000 frå 2001 (26,6 %), medan andre bygder i Rogaland og Agder (92 bruk) hadde ein auke frå kr 210 500 til kr 230 700 (9,6 %).

Driftsgranskningane viser at inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta utgjer ein stor del av samla inntekter for brukarfamilien. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket. I 2002 utgjorde inntekter utanom bruket i Rogaland og Agder 49 % av samla inntening mot 51 % i 2001. På Jæren er 38 % av totalinntektene henta utanfor bruket, medan 55 % av inntektene kjem frå andre kjelder i resten av regionen.

Nettoinntekta per brukarfamilie viser ein auke på 29,6 % på Jæren til kr 514 500, og ein auke på 3,2 % til kr 436 000 for resten av distriktet. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, bierverv, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. Auken i nettoinntekta skriv seg hovudsakleg frå auke i overskotet frå jordbruket og noko frå auka løsinntekt.

Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Nettoinvesteringa for dei 44 brukka på Jæren var negativ i 2002, i middel kr – 5 200 (+ 9 700 i 2001) og i resten av Rogaland og Agder 4 400 kr i middel for 2002 (30 200 i 2001). Tala viser at det har vore liten investeringsaktivitet i regionen i 2002. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året.

Samla gjeld per bruk auka med kr 17 700 (1,3 %) per bruk i middel siste året for Jæren. Innbetaling av gjeldsrenter auka med kr 3 300 til kr 86 800. For andre bygder i Rogaland og Agder auka samla gjeld med kr 87 800 (8,4 %) per bruk i snitt. Renteutgiftene auka med kr 7 700 til kr 70 800.

Alle dei presenterte resultatane er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreiding i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 136 brukka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 2002

		Tal bruk	Innmarks-areal	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkap. per årsv.	
				2001	2002	2001	2002
Alle	Rogal./Agder	136	205	241 400	279 100	152 200	172 700
	Rogaland	76	200	287 300	332 400	167 700	192 200
Fylke	Vest-Agder	29	211	201 300	220 700	142 400	149 800
	Aust-Agder	31	211	171 600	203 100	120 700	138 800
	Jæren	44	221	300 200	380 200	167 500	211 500
	100-199 daa	16	153	264 600	317 700	168 600	196 200
Jæren	200-300 daa	19	255	353 400	476 300	177 800	231 600
	300-500 daa	6	363	323 200	389 700	166 600	222 700
	Mjølkk	23	240	305 100	380 900	167 900	203 500
	Mjølkk/gris	12	190	390 900	479 300	205 100	263 700
	Andre bygder	92	197	210 500	230 700	142 600	150 600
Andre bygder	50-99 daa	12	76	131 800	69 000	144 400	85 000
	100-199 daa	42	154	201 900	213 800	138 500	145 800
Rogaland og Agder	200-300 daa	29	255	248 500	284 000	148 800	158 900
	300-500 daa	9	372	231 900	354 100	131 500	195 300
	Mjølkk	47	217	209 400	241 700	130 600	143 700
	Mjølkk/sau	10	219	245 500	305 600	141 700	179 200
	Mjølkk/gris	6	208	308 300	352 200	157 000	148 800

Tabell 4.2 Resultatmål i jordbruket 1995-2002, Jæren

År	Tal bruk	Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk à 1 845 timar		Konsumprisindeks
		Nominelle kr	2002 - kr	
1995	45	154 400	180 500	94,2
1996	41	165 400	191 000	95,3
1997	42	163 000	183 500	97,8
1998	43	173 200	190 700	100,0
1999	45	157 400	169 400	102,3
2000	42	171 000	178 500	105,5
2001	45	167 500	169 600	108,7
2002	44	211 500	211 500	110,1

Tabell 4.3 Resultatmål i jordbruket 1995-2002, Rogaland og Agder andre bygder

År	Tal bruk	Vederlag til arbeid og egenkap. per årsverk à 1 845 timar		Konsum- prisindeks
		Nominelle kr	2002 - kr	
1995	81	125 600	146 800	94,2
1996	83	130 000	150 200	95,3
1997	82	123 000	138 500	97,8
1998	82	139 700	153 800	100,0
1999	82	122 800	132 200	102,3
2000	83	137 500	143 500	105,5
2001	85	142 600	144 400	108,7
2002	92	150 600	150 600	110,1

5 Tabellsamling 1998–2002

1. Fylkestal, Rogaland
2. Fylkestal, Vest-Agder
3. Fylkestal, Aust-Agder
4. Områdetal, Jæren, alle bruk
5. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100 - 200 daa), alle driftsformer
6. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200 - 300 daa), alle driftsformer
7. Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300 - 500 daa), alle driftsformer
8. Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøttproduksjon
9. Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald
10. Områdetal, andre bygder, alle bruk
11. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 2 (50 - 100 daa), alle driftsformer
12. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 3 (100 - 200 daa), alle driftsformer
13. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 4 (200 - 300 daa), alle driftsformer
14. Områdetal, andre bygder, storleiksgruppe 5 (300 - 500 daa), alle driftsformer
15. Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøttproduksjon
16. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald
17. Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og svinehald

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskningane for åra 1998 – 2002. Det er presentert tabellar for kvart fylke og for dei to områda «Jæren» og «andre bygder i Rogaland og Agder». For områda er det presentert tal for heile område, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Fylkestal, Rogaland
Produksjonstekniske data og oppnådde priser

	1998	1999	2000	2001	2002
Tal bruk i gruppa	68	69	67	71	76
Alder på brukar	44	44	43	42	42
Arealfordeling og avling per dekar					
Korn i alt, daa	5,0	5,1	5,0	5,3	6,3
Korn i alt, FEm per daa	521	520	420	481	594
Grønforvekster, daa	7,5	4,9	2,8	1,3	1,4
Grønforvekster, FEm per daa	595	697	402	511	497
Grovfôr i alt, daa	166,3	169,4	179,5	189,1	191,5
Grovfôr i alt, FEm per daa	516	529	492	476	480
Jordbruksareal i alt, daa	173,4	177,0	187,0	197,1	200,2
Jordbruksareal i alt, FEm per daa	517	527	488	477	487
Leigd areal, daa	26,3	24,8	22,5	26,9	30,6
Husdyrproduksjon					
Årskyr	15,5	16,4	16,2	16,5	16,4
Omsett mjølk, liter	87 887	91 064	89 967	94 599	93 951
Mjølkevote	90 494	93 590	91 738	94 206	94 802
Mjølk, per årsku, kg	6 427	6 317	6 278	6 474	6 447
Storfekjøt, kg omsett	3 675	3 901	3 853	3 694	3 796
Tal grisekull	3	6	6	12	9
Slaktegris, kg omsett	2 998	3 713	4 024	4 441	4 648
Vinterføra sauer	20	17	21	22	26
Kg kjøt per vf sau	27	28	27	27	28
Ull, kg omsett	115	100	106	119	130
Egg, kg omsett	2 880	2 604	2 995	2 543	3 098
Arbeidsforbruk, timar					
Brukar	2 173	2 065	2 077	2 198	2 208
Ektefelle	458	408	440	395	420
Barn under 17 år	21	28	24	24	20
Sum familie	2 653	2 501	2 541	2 617	2 648
Leigd arbeid, betalt	542	585	635	594	548
Leigd arbeid, ubetalt	¹⁾ 209	225	245	229	211
Timar jordbruket	3 404	3 311	3 421	3 440	3 407
Timar skogbruket	32	34	36	27	30
Timar nyanlegg	23	40	64	53	45
Oppnådde priser					
Bygg, kr per kg	1,80	1,87	1,67	1,73	1,73
Poteter, kr per kg	1,26	1,40	1,81	2,43	1,50
Kumjølkk, kr per l	²⁾ 3,56	3,34	3,24	3,31	3,69
Kukjøtt, kr per kg	³⁾ 31,07	27,95	23,87	25,58	25,08
Anna storfekjøtt, kr per kg	³⁾ 36,54	33,51	28,09	30,31	30,67
Smågris, kr per stk	800,00	692,00	676,15	790,04	784,12
Svinekjøtt, slaktegris, kr per kg	21,36	19,92	19,25	19,92	21,78
Sau- og lammekjøtt, kr per kg	³⁾ 33,16	36,29	31,80	31,34	30,14
Ull, kr per kg	34,47	33,83	33,57	34,70	34,42
Egg, kr per kg	10,89	10,95	11,18	10,53	10,61

1) Timar ubetalt leigd arbeid er berekna for åra 1998 til 2001

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot i 1998

3) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom. år 1999

Tabell 1b Fylkestal, Rogaland
Produksjonsinntekter og -kostnader per bruk

	1998	1999	2000	2001	2002
Korn	3 422	3 973	2 980	3 489	4 668
Poteter	3 627	4 496	4 623	6 213	8 041
Andre planteprodukt	9 668	11 559	5 490	10 597	12 466
Planteprodukt	16 717	20 029	13 093	20 299	25 175
Storfe, mjølk	363 539	361 357	291 859	312 755	346 846
Storfe, livdyr og slakt	134 347	123 303	120 798	124 431	131 260
Smågris	9 051	8 969	10 997	57 453	40 169
Slaktegris	64 158	69 927	83 995	85 754	100 712
Purker og rånar	3 456	5 627	4 076	13 693	8 468
Sau, livdyr og slakt	21 914	17 816	19 841	19 034	19 630
Ull	4 008	3 468	3 526	4 179	4 579
Fjørfe, egg, livdyr og slakt	30 763	31 715	30 566	31 299	35 328
Geit, melk, livdyr og slakt			2 311	2 524	3 567
Andre innt. husdyrholdet	409	396	1 099	2 316	1 978
Husdyrprodukt	631 645	622 578	569 068	653 438	692 537
Areal- og kult.landsk.till., grovfør	58 188	46 669	46 562	42 852	48 050
Areal- og kulturlandskaptill., korn	979	1 456	1 177	2 019	1 651
Produksjonstillegg, husdyr	63 370	67 147	78 551	81 136	89 944
Botnfrådrag ¹⁾					-6 000
Drifts-, grunn- og distriktstilskot ²⁾			79 707	73 119	78 781
Refusjon av avløysarutgifter	41 515	44 229	53 389	50 895	56 303
Andre tilskot og trygder	2 217	6 513	5 847	5 586	5 908
Leigeinntekter traktor og reiskap	2 504	3 752	2 443	2 849	3 927
Traktor i skogen / anna inntekt	2 225	1 509	2 759	2 674	2 264
Sal av mjølkekvote			13 859		
Produksjonsinntekter i alt	819 360	813 882	866 455	934 867	998 540
Kraftfôr	167 039	175 036	178 268	202 072	208 762
